
RETNINGSLINER FOR MOTORFERDSEL I UTMARK OG VASSDRAG I BYKLE KOMMUNE

2023 - 2027



VEDTEKEN I KOMMUNESTYRET DEN 19. OKTOBER 2023, SAK 82/23

1 Innhold

2	Innleiing	2
3	Virkeområde	2
4	Lovverk.....	2
5	Verneområde.....	3
6	Delegasjonsreglement	3
6.1	Handsaming i kommunestyret:	3
6.2	Handsaming delegert til planutvalet:.....	3
6.3	Handsaming delegert til kommunedirektøren:	5
7	Motorferdsel med direkte heimel i loven	6
8	Bruk av motorkøyretøy på bar mark utanfor veg med direkte heimel i nasjonal forskrift ..	6
9	Bruk av motorkøyretøy på snodekt mark med direkte heimel i nasjonal forskrift	7
10	Korleis søker	8
11	Køyring som kan tillatast etter søknad	8
11.1	Motorferdselloven § 6.....	8
11.2	Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og vassdrag	10
11.2.1	Felles vilkår for alle søknader om motorferdsel på snødekt mark	10
11.2.2	Fastbuande som påtar seg ervervsmessig kjøring, § 5 første ledd bokstav a..	10
11.2.3	Løyve til transport av funksjonshemma, § 5 første ledd bokstav b.....	10
11.2.4	Løyve til transport av bagasje og utstyr til hytte som ligg meir enn 2,5 km frå winterbrøyta veg, § 5 første ledd bokstav c.....	11
11.2.5	Køyring i utmarksnæring for fastbuande, § 5 første ledd bokstad d.....	11
11.2.6	Løyve til transport av ved, § 5 første ledd bokstav e.....	11
11.2.7	Løyve til gruppeturar, § 5 første ledd bokstav f.....	12
11.2.8	Løyve til transport av materiale og utstyr i samband med utmarksnæring, § 5a. 12	
11.2.9	Løyve til utkjøring av tilsyn med jervbåsar, § 5b.....	12
11.2.10	Dispensasjon, § 6	13

2 Innleiing

Kommunale retningsliner skal gje klare føringar for lokal handsaming av søknader etter motorferdselloven og forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag. Føremålet med retningslinene er å følgje opp intensjonane i lovverket som gjeld for motorferdsel i utmark og vassdrag.

3 Virkeområde

Retningslinene gjeld motorisert ferdsel i utmark og vassdrag som er søknadspliktig til kommunen.

Med motorferdsel meinast bruk av køyretøy (bil, traktor, motorsykkel, beltebil, snøskuter o.l.) og båt eller anna flytande eller svevande fartøy driv med motor, samt landing og start med motordrivi luftfartøy. Med landing meinast landing på bakken, samt dei tilfelle der helikopter står like over bakken i den hensikt å laste eller losse.

Med utmark meinast udyrka mark som ikkje reknast som innmark eller like med innmark. Setervoll, hustomt, engslått, kulturbeite og skogplantefelt som ligg i utmark, reknast som utmark.

Veg i utmark som ikkje er opparbeidd for køyring me bil, blir sett på som utmark. Det same gjeld opparbeidd veg som ikkje er brøytt for køyring med bil.

Med vassdrag meinast opne og islagte elver, bekkar og innsjøar.

4 Lovverk

Motorferdselloven med forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag, set dei overordna rammene for motorferdsel i utmark.

Relevante lovverk:

- Lov 10. juni 1977 nr. 82 om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdselloven)
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1977-06-10-82>
- Forskrift 15. mai 1988 nr. 356 for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag (forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark etc.)
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1988-05-15-356>
- Rundskriv til lovverket:
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/t-196-motorferdsel-i-utmark/id278801/>

5 Verneområde

Søknad om løyve innanfor verneområda handsamast av kommunen etter motorferdselloven med nasjonal forskrift og av verneområdestyret for SVR etter verneforskrift.

Dette gjeld innanfor:

- Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsverneområde
- Lislevatn naturreservat
- Steinsbuskardet-Hisdal biotopvernområde
- Vidmyr naturreservat
- Hisdal naturreservat (gjeld ikke søknad om løyve for bruk av snøskuter på ubrøyta veg inn til gardane i Lisle Hisdal).

6 Delegasjonsreglement

Bykle kommune sitt delegeringsreglement blei vedteken i kommunestyret den 24.05.22 sak 36/22.

6.1 Handsaming i kommunestyret:

Motorferdselloven:

§ 5) kommunen kan gi forskrift om adgang til:

- a) landing og start med luftfartøy på bestemte steder i utmark og vassdrag.
Adgangen kan begrenses til landing og start til bestemte formål, til bestemte tider og til å gjelde selskaper eller enkelpersoner som driver ervervsmessig luftfartsvirksomhet.
- b) bruk av motorfartøy på innsjøer mindre enn 2 kvadratkilometer når det foreligger særlige grunner som i tilfelle må angis i forskriften

6.2 Handsaming delegert til planutvalet:

Motorferdselloven:

- § 6 tillatelse etter søknad:
 - o Når særlige grunner foreligger, kan kommunen gi tillatelse til bruk av motorfartøy eller luftfartøy som ellers ikke kan finne sted etter denne lov eller med hjemmel i loven.

- Tillatelse etter første ledd kan gis for bestemte høve eller for bestemte tidsrom. Kommunen kan sette vilkår for tillatelsen
- Kommunens vedtak kan påklages til Statsforvalteren

I særlege hastesakar har plansjef og leiar av planutvalet delegert mynde til å fatte vedtak.

Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark:

§ 5.

Etter skriftlig søknad kan kommunen gi tillatelse til bruk av snøscooter for:

- a. fastboende som i ervervsmessig øyemed vil påta seg
 - transport mellom bilveg og hytte,
 - tilsyn med privat hytte etter eierens oppdrag,
 - transport for massemedia på reportasjeoppdrag,
 - transport av funksjonshemmede,
 - transport av ved,
 - transport etter dispensasjon i medhold av denne forskrifts § 6 (gjeld transportar som har fått innvilga dispensasjon)
- d. kjøring i utmarksnæring for fastboende,
- f. gruppeturer på snødekt mark for beboere på helse- og omsorgsinstitusjoner, medlemmer av pensjonistforeninger eller forflytningshemmede. Turen må være i regi av helse- og omsorgsinstitusjoner eller ideelle organisasjoner. Tillatelse kan kun gis for transport til bestemte turmål og langs nærmere bestemte traséer dersom kommunen anviser slike.

Kommunen skal i tillatelser etter bokstav c kartfeste eller på annen entydig måte angi hvilken trasé som skal benyttes.

§ 6

I unntakstilfelle kan kommunen etter skriftlig søknad gi tillatelse til kjøring utover § 2 – § 5, dersom søkeren påviser et særlig behov som ikke knytter seg til turkjøring, og som ikke kan dekkes på annen måte. Før eventuell tillatelse gis, skal transportbehovet vurderes mot mulige skader og ulempar i forhold til et mål om å redusere motorferdselen til et minimum.

6.3 Handsaming delegert til kommunedirektøren:

Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark:

§ 5

- b. funksjonshemmede
 - c. eier av hytte for transport av bagasje og utstyr mellom bilveg og hytte som ligger minst 2,5 km fra brøyta veg*
 - e. transport av ved utover det som følger av denne forskrifts § 3 første ledd bokstav g
- 5a. Frakt av materiale og utstyr i utmarksnæring
- 5b. Frakt og tilsyn av jervbåsar

*Bykle kommune har vald å oppretthalde avstandskravet på minimum 2,5 km til hytte.

7 Motorferdsel med direkte heimel i loven

Heimel: motorferdselloven § 4:

- Politi-, ambulanse- og redningsteneste og oppsyns- og tilsynsteneste etablert med heimel i lov
- Offentleg post- og teletenester
- Naudsynt person- og godstransport til og fra faste bustader og i jordbruks-, skogbruks- og reindriftsnæring. Jakt, fangst, fiske og bær-sanking reknaast ikkje som næring i samband med dette
- Forsvarets øvingar, forflyttingar og transportar
- Anlegg og drift av offentlege vegar og anlegg
- Rutetransport som drivast med løyve i medhald av yrkestransportloven
- Ferdsel med motorfartøy er tillat på innsjøar som er 2 km^2 eller større, på elvestrekningar, og på innsjøar mindre enn 2 km^2 dersom desse inngår som ein del av eit farbart vassdrag. Kommunen kan likevel bestemme at ferdsel som nemnt heilt eller delvis skal vere tillat.

8 Bruk av motorkøyretøy på bar mark utanfor veg med direkte heimel i nasjonal forskrift

Heimel: forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark § 2:

- Politi-, ambulanse- og redningsteneste og oppsyns- og tilsynsteneste etablert med heimel i lov
- Offentleg post- og teletenester
- Naudsynt person- og godstransport til og fra faste bustader og i jordbruks-, skogbruks- og reindriftsnæring. Jakt, fangst, fiske og bær-sanking reknaast ikkje som næring i samband med dette
- Forsvarets øvingar, forflyttingar og transportar
- Anlegg og drift av offentlege vegar og anlegg
- Rutetransport som drivast med løyve i medhald av yrkestransportloven
- Transport av jaktutbytte ved jakt på elg, hjort og villsvin
- Offentleg oppsyns- og tilsynsteneste
- Naudsynt transport i samband med fiksekultiveringstiltak i offentleg regi
- Naudsynt transport i samband med anlegg og drift av vegar og større anlegg

- Elektriske syklar kan nyttast i utmark. Då meinast syklar som er utstyrt med elektrisk hjelpemotor med maks nominell effekt på høgast 0,25 kW som reduserast gradvis ved aukande hastighet og opphører ved 25 km/t eller tidlegare om syklisten sluttar å trå. Sykkelen kan ved motorkraft aleine nå ein maks hastigkeit på 6 km/t.

Køyring skal om mogleg følgje eldre køyrespor.

9 Bruk av motorkøyretøy på snodekt mark med direkte heimel i nasjonal forskrift

Heimel: forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark § 3:

- Politi-, ambulanse- og redningsteneste og oppsyns- og tilsynsteneste etablert med heimel i lov
- Offentleg post- og teletjenester
- Naudsynt person- og godstransport til og frå faste bustader og i jordbruks-, skogbruks- og reindriftsnæring. Jakt, fangst, fiske og bær-sanking reknast ikkje som næring i samband med dette
- Forsvarets øvingar, forflyttingar og transportar
- Anlegg og drift av offentlege vegar og anlegg
- Rutetransport som drivast med løyve i medhald av yrkestransportloven
- Transport av jaktutbytte ved jakt på elg, hjort og villsvin
- Offentleg oppsyns- og tilsynsteneste
- Naudsynt transport i samband med fiksekultiveringstiltak i offentleg regi
- Naudsynt transport i samband med anlegg og drift av vegar og støre anlegg
- Naudsynt drift av turistanlegg (overnattings- og serveringsstader m.m.) som ikkje ligg langs brøyta bilveg. (Gjeld berre betjente overnattings- og serveringsstader, ikkje sjølvbetjente- og ubetjente hytter og liknande)
- Transport av materialar, utstyr og arbeidsfolk til bygging i samsvar med byggjeløyve
- Opparbeidning og preparering av skiløyper/skibakkar for ålmenta, når det blir gjort av ein frivillig organisasjon eller kommune. Kommunen tilrår at løypekøyringa skal vera i samsvar med sti- og løypeplanen
- Naudsynt transport i samband med vitskaplege undersøkingar på oppdrag frå ein forskingsinstitusjon (dyreteljing, registreringar m.m.)
- Transport av ved frå sin eigen eide dom og direkte til eigen bustad (til eige bruk)
- Køyretrening på område som er fastsett av Statsforvalteren

- Akutt-tiltak for å redusere påkøyningsrisiko av hjortevilt langs veg eller jernbane
- Søk etter skadd storvilt utanfor ordinær jakt i regi av kommunen

10 Korleis søke

Ved søknad om løyve utanfor verneområda, skal Bykle kommune sitt søknadsskjema nyttast:

<https://skjema.kf.no/FormsEngine/?wizardId=479&externalId=4222>

Skjema blir automatisk sendt til postmottak@bykle.kommune.no ved utfylling via heimesida til Bykle kommune.

Ved søknad om løyve innanfor verneområda, skal søknadsskjema for motorferdsel i verneområda nyttast:

<https://www.nasjonalparkstyre.no/svr/soknader/motorferdsel-i-utmark>

Skjema skal sendast postmottak@bykle.kommune.no. Kommunen sender søknaden vidare til forvaltningssekretariatet for verneområdestyret i SVR.

11 Køyring som kan tillatast etter søknad

11.1 Motorferdselloven § 6

Dispensasjon til å bruke motorfartøy (båt, helikopter, vassfly m.m.). Det kan til dømes vere letting og landing med helikopter, eller bruk av båt på innsjøar som er mindre enn 2 km².

Søknaden må innehalde:

- Informasjon om føremålet med transporten
- Sjåfør
- Trasé eller område det er bruk for transport. Start og landingspunkt ved bruk av luftfartøy
- Dato og tidspunkt som det er bruk for transport

Vurdering av søknaden skal særleg legge vekt på verknader på vilt, natur og miljø. Det kan gjevast dispensasjon for inntil 4 år om gongen.

Frakt av felt vilt med luftfartøy:

- Søknad om start og landing i samband med jakta skal sendast inn seinast 01.07.
kvart år
- Det kan gjevast inntil 5 tal turar per år i samband med utfrakt av felt vilt. Med vilt meinast elg, hjort og villrein. Vilkår for løyve:
 - o Området for landing må vere meir enn 2 km frå køyreveg eller vatn større enn 2 km² for å kunne få løyve
 - o Det er ikkje høve til å take omsyn til helsetilstand i vurderinga

Andre vilkår:

- Frakt av bagasje og utstyr, og materiale til normalt vedlikehald, skal gjerast om vinteren med snøskuter
- Naudsynt start og landing som ikkje omhandlar jakt, skal hovudsakleg leggast til utanom jakttida
- Start og landing med luftfartøy skal som hovudregel unngåast i perioden 01.04. – 14.06, med omsyn til hekke- og yngletida.
- Start og ladning skal som hovudregel unngåast i helger heile året (gjeld ikkje i samband med utfrakt av felt vilt).

11.2 Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og vassdrag

11.2.1 Felles vilkår for alle søknader om motorferdsel på snødekt mark

- All køyring skal take omsyn til plante-, dyre- og fugleliv
- Løyvehavar må sjølv innhente samtykke frå grunneigar dersom han/ho må køyre over andre sin eigedom
- Løyvet skal alltid vere med under transporten
- Eit løyve gjeld for ein skuter
- Transporten skal nytte trasè som er teikna inn i kart som følgjer løyvet
- Det skal ikkje køyrast i utmark etter 30.04. kvart år. Innanfor verneområda gjeld andre datoar
- Frå 1. mai og fram til snøen er berande om vinteren er all køyring i utmark med snøskuter ulovleg

11.2.2 Fastbuande som påtar seg ervervsmessig kjøring, § 5 første ledd bokstav a

Vilkår for ervervsløyve:

- Løyvet medfører plikt til å ta dei transportoppdragene det er etterspurnad etter
- Søkjær må vere fastbuande i Bykle kommune
- Søkjær skal opplyse om kva for område i kommunen han/ho vil vere tilgjengeleg for oppdrag
- Løyvehavar skal rapportere inn til kommunen kvart år, innan 1. juni. Rapporten skal innehalde oversikt over dato, start- og sluttpunkt, samt mål for oppdraget. Rapporten skal ligge til grunn for vurdering om fornying av løyve. Dersom det ikkje blir levert rapport innan 1. juni, vert løyve ikkje fornya
- Vedtak om løyve i planutvalet gjeld for 4 år. Sjølv løyvet er gjeldande for 1 år, med fornying administrativt ved innsendt rapport innan 1. juni

11.2.3 Løyve til transport av funksjonshemma, § 5 første ledd bokstav b

Kommunen kan gje løyve til snøskuterkjøring til rørslehemma, dersom behovet er reelt og rørslehemmingsa er varig. Reelt behov kan vere transport inn til eiga hytte. Turkjøring er ikkje eit reelt behov. Løyvet kan vere tidsavgrensa til dømes til ei helg dersom det er føremålstenleg.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet skal skrivast ut til personen som er funksjonshemma, men ein annan person kan vere førar av snøskuteren
- Den funksjonshemma må vera med på transporten
- Søkaren må i søknaden vise kva målet med køyringa er
- Søkaren må leggje fram legeerklæring, som er under eitt år gamal, og som stadfester at funksjonshemminga er av varig karakter
- Søknaden må ha eit kart som viser kvar snøskutertraseen skal gå

11.2.4 Løyve til transport av bagasje og utstyr til hytte som ligg meir enn 2,5 km frå vinterbrøyta veg, § 5 første ledd bokstav c

Vilkår for løyve:

- Løyvet gjeld for 4 år om gongen og følgjer kommunestyre-perioden
- Søkjar må vere eigar av hytte eller kunne syne til gyldig leigeavtale
- I tillegg kan dei einskilde løyva gjelde for nærmeste familie. Med nærmeste familie meiner ein ektefelle/sambuar, born/svigerborn, barneborn, foreldre og besteforeldre
- For sameige kan alle heimelshavarane (med familie i rett line) få løyve
- Søknad skal innehalde namn og informasjon om slektskap (dersom løyve skal gjelde for fleire familiemedlemmar), gards- og bruksnummer og evt. adresse til hytta, kart med inntekna trasé og hyttas plassering
- Køyring skal så langt det er mogleg gå langs felles traséar
- Løyvet gjeld ikkje for rein persontransport, men personar kan sitte på dersom det er plass til det i saman med bagasjen. Persontransporten skal ikkje medføre ekstra køyring
- Hytta må ligge minst 2,5 km frå vinterbrøyta veg

11.2.5 Køyring i utmarksnærings for fastbuande, § 5 første ledd bokstad d

Gjeld fastbuande som driv utmarksnærings utanom tradisjonelt landbruk, t.d. jakt, fiske og hytteutleige. Søkjar må leggje ved eiga skriv som fortel om den aktuelle næringa og behovet for snøskuterløyve. Løyvet gjeld ikkje for persontransport.

11.2.6 Løyve til transport av ved, § 5 første ledd bokstav e

Transport av ved utover det som er direkte heimla i forskriftas § 3 g. Gjeld frakt av ved frå eigen eigedom til anna stad enn fast bustad og transport av ved frå annan eigedom. Frakt av

ved frå parkering/bil til eiga hytte går under forskriftas § 5 c – frakt av bagasje og utstyr til hytte.

Søknaden må innehalde skildring av kvar traseen skal gå og kva område det skal hoggast ved i. Det skal leggast ved gyldig avtale med grunneigar om ein ikkje er grunneigar sjølv.

11.2.7 Løyve til gruppeturar, § 5 første ledd bokstav f

Kommunen kan gje løyve til snøskuterkjøring for bebuarar på helse- og omsorgsinstitusjonar, medlemmar av pensjonistforeiningar eller forflytningshemma.

Søknaden må innehalde ei skildring av dato, føremålet med turen, start- og sluttpunkt, kjørerute og kor mange snøskuterar som det blir søkt om løyve til.

11.2.8 Løyve til transport av materiale og utstyr i samband med utmarksnæring, § 5a.

Transport av materiale og utstyr i utmarksnæring, men i eit støre omgrep enn § 5 første ledd bokstav d. Til dømes drift av utleigehytter, næringsmessig hausting av naturgoder, turist- og reiselivsnæring mm., forutsatt at bedifta er registrert i enhetsregisteret. Det er ikkje krav om fast busetting og reine reiselivsbedrifter kan søke. Løyve kan gjelde for all type ferdsel, inkludert barmark.

Fyrste gongs tillating kan gjevast for to år. Dersom den næringsdrivande etter denne prøveperioden kan dokumentere ei samla omsetting som gjer at verksemda som tillatinga gjeld er momspliktig, kan tillating forlengast med fire år av gongen. Tillating til kjøring på barmark kan berre gjevast langs traktorvegar. På snodekt mark skal kjøring skje etter anvist trase gjeve av kommunen.

11.2.9 Løyve til utkjøring av tilsyn med jervbåsar, § 5b.

Kommunen kan gje løyve til utkjøring og tilsyn av jervbåsar. Vilkår for løyve:

- Løyvet må vise kva trase som skal brukast, dato/periode og tal turar
- Løyvehavar må føre logg, som dokumenterer at transporten er i samsvar med løyvet og som skal kunne visast fram ved kontroll

Søknaden må innehalde start- og endepunkt, og kva det blir søkt om løyve til, og det må ligge ved eit kart som viser kvar ein søker om å køyre. Det må òg føreligge godkjenning frå Statsforvalteren for fangst med bås der det søkast snøskuterløyve til.

11.2.10 Dispensasjon, § 6

All anna bruk av snøskuter som ikkje er nemnd under § 5 må søkje dispensasjon etter nasjonal forskrift.

Forskriftas § 6 er streng. Følgjande vilkår må vere oppfylt før det kan gjevast løyve:

- Søkjar må kunne syne til et særleg behov som ikkje er turkøyring
- Behovet skal ikkje kunne dekkast på annan måte
- Behovet skal vurderast opp mot moglege skadar og ulemper ut frå målet om å redusere motorferdsla til eit minimum

Søknaden må innehalde:

- Skildring av føremålet med transporten
- Kven som skal køyre
- Kvar (trasé eller område) det er bruk for transport, samt dato og tidspunkt

Det skal berre gjevast løyve ved særskilte behov for transport, som t.d. handikap-arrangement arrangert av lag og foreiningar eller oppkøyring av skiløyper ut over § 3e, beredskapskøyring for røde kors og liknande. Verksemder som har behov for løyve utover direkte heimelen i eit byggjeløyve, må søkje om dispensasjon til dette.

11.2.10.1 *ATV og anna barmarksøyretøy*

Søknad om dispensasjon på bar mark etter forskriftas § 6 skal vurderast på same måte som for snodekt mark, men vurdering av søknadar på bar mark skal vere spesielt restriktive.

Det skal berre gjevast løyve ved særskilte behov for transport. Søknader om bruk av ATV på barmark blir vurdert som restriktivt, då det kan føre til stor slitasje og skade på terrenget. I visse område kan slike skader bli svært langvarige eller permanente. Trasèar skal som hovudregel følgje landbruksveg. Transport i samband med normalt vedlikehald skal gjennomførast vinterstid med snøskuter.